

Vestlandsrådet

Samferdselsdepartementet
postmottak@sd.dep.no

Dato: 20. juni 2016
Vår ref.: 2016/5046-4
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dykkar ref.: 15/212063-51

Nasjonal transportplan 2018-29 – Høringsuttale frå Vestlandsrådet

Vestlandsrådet handsama høringsuttale til Nasjonal transportplan 2018-29 i møte 26. mai, og gjorde slikt samrøysta vedtak :

- 1. Vestlandsrådet ser at sjølv med høg ramme når vi ikkje dei måla landsdelen vår har for veginvesteringar. Det vil difor vere behov for vesentlig påplussing av høg ramme. Utan dette vil ikkje NTP svare på utfordringane/behova på Vestlandet.*
- 2. Vedtekne statlege plan for utbygging av ferjefri og opprusta E39 Kristiansand – Trondheim i løpet av 20 år må oppretthaldast og fullfinansierast. Alle analyser syner at prosjektet har høg samfunnsøkonomisk lønnsemd og er ei viktig nasjonal satsing. Ferjefri E39 Kristiansand-Trondheim vil gje ein samangangande, transportsikker veg og med dette vil ein byggje eit solid fundament for framtidig auka verdiskaping.*
- 3. Det må gjennomførast eit krafttak for å ta igjen etterslepet på vedlikehald av både riks- og fylkesvegnettet. Vestlandsrådet legg til grunn at det vert kanalisert tilstrekkeleg med økonomiske midlar til fylkeskommunane slik at ein kan fjerne forfallet på alle riks- og fylkesvegane i dei fire vestlandsfylka, samt gjennomføre nødvendige oppgraderingar av bruer, ferjekaier og tunnelar.*
- 4. Bymiljøavtalar/bypakkar med sterk satsing på kollektivtransport, sykkel og gange er avgjerande for å nå overordna mål om bymiljø og klima. I tillegg er satsinga viktig for å utvikle byane til attraktive sentra med funksjonelle transportsystem og gode miljøkvaliteter. Det er viktig å utvide perspektivet for bysatsinga til også å omfatte andre byområde/tettstader ut over dei 9 største byområda. Det vert tilrådd eigen budsjettpost til bypakkar for andre, mindre byområde.*
- 5. Vestlandsrådet legg til grunn auka innsats til rassikring på både riks- og fylkesvegnettet i tråd med tilrådingane frå Nasjonal rassikringsgruppe. Det vil seie at det offentlege vegnettet skal vere rassikra innan 2030.*
- 6. Vestlandsrådet går inn for realisering av Stad Skipstunnel med oppstart i perioden 2018-21.*

Vestlandsrådet

7. *Vestlandsrådet er samla om at det er vesentleg med gode sambindingsvegar aust vest, og at dei hovudkorridorane ein vel dekker regionen samla best mogleg.*
8. *Vestlandsrådet viser elles til vedlagte notat.*

Vedlagt følger også grunnlagsdokument som vart utforma til Vestlandsrådet si handsaming.

Med helsing

Matti Torgersen
Sjefsplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Nasjonal transportplan 2018-29 – Innspelsdokument frå Vestlandsrådet